Protokoal
for
Nordals
Idrotslag

Norddal Idrettslag som i mange år hev lege nede, vart i 1930 på nytt teke op att av nokre interesserte idrettsmenn. På årsmøte som vart halde i januar var frammøtt i kring 25 gutar som melde seg som medlemer.

Til styre for laget vart vallt:
Lars Storås, formann, Ingvald Dale, kasserar,
Severin Hattlestad og Karl I. Lillås.

På møte vart det vedteke at laget skulde drive både sommar og vinteridrott. Lover for laget skulde styret lage. Årspengane vart sett til kr. 0.50.

Laget hadde vinteren 1931 eit skirenn. Hopprennet vart halde på „Fennstekåen". Det var bra med deltakara, i kring 20 stykker starta. I elste klasse vart Elias Lillås nr. 1, Nils Relling nr. 2 og Ole Dalen nr. 3. I klasse II vart K. M. Lillås nr. 1 og Hjalmar M. Hattlestad nr. 2. I guteklassen viste Emil Grønningsæter seg å vere den beste. Ein som idrettlaget kan vente seg mykje av. Det vart hoppa ca. 25 m.

Langrennet gjekk frå ungdomshuset, fram på Rellingsida fram til Botnen og nedatt på Dalssida og kom inn att ved ungdomshuset.

I elste klasse vart Hjalmar O. Hattlestad nr. 1 Ingvald Hattlestad nr. 2 og Karl I. Lillås nr. 3. I andre kl. vart K. M. Lillås nr. 1 og Hjalmar M. Hattlestad nr. 2. Ein pokal, som var opsett av gjentene, til beste langrennar vart vunnen av Hjalmar O. Hattlestad. Om kvelden var det fest..

På Sunnmørsrennet i Valldal 1931. var det 5 deltakara i frå laget. Hjalmar O. Hattlestad hadde 7de premi i langrenn og K. M. Lillås 4de premi i hopp i II kl.

Den 1/10-31 hadde laget 3. mann i marskonkurranse på Stranda. Ingv. Hattlestad vart bestemann med tid: 3.24.12. Hjalmar O. Hattlestad nr. 2. tid, 3.25.30 og Gerhard Hattlestad nr. 8. med tid 3.51.56. Laget tok

ved desse 3 eit aksi i den av Stranda Idrettslag opsette vandrepokal.

Årsmelding for 1932 oplese og godkjent på Årsmøte i januar 1933.

Årsmelding: Styret for laget siste året hev vore: Nils Relling, formann, Lars Storås, kasserar, Lars Ytredal og Ingv. Hatlestad. I laget i år hev det vore 19 betalande medlemer. Samla innkome hev vore kr. 78.81 og utlegg kr. 32.51. og det er no i kassa kr. 55.61.

Laget hev delteke i eit pokalrenn, som er skipa av idrettslaga i indre Sunnmør. Pokalrennet vart i år halde i Sunnylven. Og so hev laget havt 2 fotballkamper mot Sunnylven, ein der inne og ein her. Desutan var 4 mann innmeldt til marskonkurranse på Stranda, men den vart avlyst. Det hev vore arbeidt ein grand i hoppbakken som er på lag ferdig.

Val.

Ved loddtrekning gjekk Nils Relling og Lars Ytredal ut av styret. Begge to vart attvald. N. Relling som formann Kassastyrar Lars Storås. Revisorar Birre Relling og Arne Relling. Til å sjå etter lagets eigedom Lars Storås.
Vinterstyret: Hjalmar Hatlestad og Elias Lillås.
Sommarstyret: Knut Relling og Knut Hatlestad.
Festnemnd: Karl J. Lillås Ingeb. Relling og Ole Dahl.

3 Årsmelding for 1933 oplese og godkjent på

Årsmöte i januar 1934.

Årsmelding: Laget har i år havt 20 betalande medlemer. Samla innkome kr. 42.68 og utlegg kr. 17. (Reisene har medlemene sjölve betalt.) Laget er innmeld og opteken i Sunnmöre Skikrets. I februar vart det likeeins sendt søknad til „Möre distriktslag for idrett, om å verte opteken som medlemer. I november same år fekk me svar at for å verte
15/11 -1933 opteken som medlemer i Möre Distriktslag for Idrett, so måtte me forandre lovene for laget etter den norm som Norges Landsforbund for Idrett krev.

Den 6te mars skipa laget til Norddalsrenn, med deltakara ifrå heile Norddal. Det var i alt ca. 60 startnummer. Langrennet vart halde på Lillåsen og det var ikkje noko uhell. Mykje folk var mött fram og såg på.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Beste mann vart Ivar Hoel Valldal Idr. lag. | | 49 min. | 21 sek. |
| 2. | Sigurd Langdal " " | | 49 " | 35 " |
| 3. | Ingv. Hatlestad Norddal Idr. l. | | 51 " | 09 " |
| 4. | Lars Valldal Valldal | | 51 " | 20 " |
| 5. | Tore B. Rene " | | 51 " | 27 " |
| 6. | Hjalmar Hatlestad Norddal | | 52 " | 28 " |
| 6. | Ragnvall Årset Eidsdal | | 52 " | 28. |

Kl. II (kortare löype)

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. | Melvin Årset | Eidsdal | 43 min. | 53 sek. |
| 2. | Karl Rönning | Valldal | 45 " | 25 " |
| 3. | Lars E. Bakli | " | 45 " | 27 " |
| 4. | Kjartan Gjerde | " | 46 " | 39 " |
| 5. | Knut Relling | Norddal | 47 " | 45 " |

Hopprennet vart det ikkje råd å halde då det var vind. I pokalrennet for indre fjorden, som vart halde på Stranda deltok 6 mann av laget. Men berre ein mann kom op i premi. Karl J. Lillås fekk 9. premi i hopp. Ingv. Hatlestad deltok i terrenglöp i Ålesund, og han vart nr. 3 i si klasse (juniors).

× I september 1933 halde me to fotballkampar med Sunnylven Idrettslag. Fyrst var me i Sunnylven i ein kapp=

kamp, der me spella mot Sunnylven. Dei vann med 5-1. Andre kampen hadde me her og då og vann Sunnylven, med 2-1.

Den 31. okt. tok me til på ein ny hoppbakke op på Lillåsen. Han er no komen so langt at når ein får rekk steinen som er opbroten so er han brukande.

Årsmelding for 1934 oplese og godkjent

på Årsmøte 4 januar 1935.

På årsmøte var frammøt 14 stemmeveltige og nokre yngre medlemmer. Årsmelding og rekenskap for 1934 vart godkjent. Nye lover til laget vart oplesne.

Til ny formann vart vald Ingv. Hattestad då Nils Rilling sa frå seg attval. Styre: Nils Rilling, Lars Storås og Lars Yttredal. Varamenn: H. S. Hattestad, Knut Rilling og Elias Lilleås. Revisorer: Børre Rilling og P. Grønningsæter Vinterstyre: H. S. Hattestad og Elias Lilleås Sommerstyre: Knut Hattestad og Knut Rilling Festkomite: Ole Dahl, Børre Rilling og K. J. Lilleås Skirenn:

På landsrennet i Valldal den 17-18 februar hadde laget 3 deltakara. Ingvald Hattestad hadde 2 pr. i langrenn Kl. B. H. S. Hattestad måtte gi op på grunn skade K. M. Lilleås ~~måtte~~ hadde 2 stånde hopp, men forkorte til å få plasering.

Den 11 mars hadde me lagsrenn på Lilleåsen. Ver og føre var bra. Den nye bakken vart brukt for fyrste gang, og viste seg å vere bra endå den på langt nær ikkje var ferdig. Deltagelsen var god då det var ca 30 startne. og i dameklasse i bakkenn på 14 stk. Der var ogso frammødt mykje åskodara. Resultatet vart:

Langrenn over 20 år ca 14 km.

| | | |
|---|---|---|
| Nr. 1. | Ingvald Hattestad | 1, 09, 54. |
| " 2. | H. S. — " — | 1, 14, 18. |
| " 3. | Elias Lilleås | 1, 19, 10. |

Klasse under 20 år ca 7 km.

| | |
|---|---|
| nr 1. Oskar Dahl | 0,39,06. |
| " 2. Trygve Rilling | 0,42,04. |
| " 3. Ingolf Grönningsæter | 0,42,26. |
| " 4. Kåre Engeset | 0,42,57. |

Old boys ca 7 km

| | |
|---|---|
| nr 1. Karl J. Hilleås | 0,41,40. |
| " 2. Nils Rilling | 0,45,03. |
| " 3 Olav Kalthussæter | 0,45,49. |
| " 4 Ole Dahl | 0,46,00 |
| " 5 Martin Inset | 0,46,14. |
| " 6 Bjarne Dal | 0,46,34. |

Hopp over 20 år

| | |
|---|---|
| nr 1. Elias Hilleås. | 147 poeng |
| " 2 K. J. — " — | 142,50 — " — |
| " 3. K. M. — " — | 134,50 — " — |
| " 4 Börre Rilling | 107,60 — " — |

Under 20 år 1 deltakar

| | |
|---|---|
| Ivar S. Rilling | 90,50 poeng. |

Dameklassen

| | |
|---|---|
| nr 1. Helga Hilleås | 35 poeng |
| " 2. Inga — " — | 31 — " — |
| " 3 M. Grönningsæter | 30 — " — |
| " 4 Gurine Rilling | 29 — " — |
| " 4 Marie J. Hatlestad | 29 — " — |
| " 5 Ragnhild Yttredal | 28 — " — |
| " 5 Laura Rilling | 28 — " — |
| " 5 Hanna Hjelle | 28 — " — |

Om kvelden var det fest med premieutdeling på ungdomshuset.

Den 18 mars hadde laget 4 deltakara på kretsrennet i Sunndalen. Ingvald Hatlestad hadde 1ste premi i langrenn kl B. Hopparane stod seg godt kva stilen angjekk, men dei hadde forlite trening so hopplengdne vart forkorte.

Den 30 mars deltok H. B. Hatlestad i 30 km. langrenn på Sula og vart nr. 9.
Den 15 mai deltok Ingvald Hatlestad i Åkslalöpet (Krinsmeisterskapet i terrenglöp) og plaserte seg som nr 2 i junior.

Fotballkamper.

Det hev vist seg i denne sesong at Norddal idrl. kan rekne seg blandt det beste fotballlag i fjordane. På laget i år fekk lege „flona" av Grönningsæter og dermed fekk treine regelmessigt hev det gjort stor framgang.

Fyrste kampen var mot Stranda idrl på Stranda den 3/6. Resultatet vart 1–1. Seinare spela me mot Valldal idrl i Valldal der det ogso vart uavgjort kamp 0–0. Norddal skulde etter spelet vunnet med mange mål. Den fyrste heimekamp hadde me mot Emblem Spk. Norddal vant med 4-3. Mot Hornindal idrl hev laget hart to kamper den fyrste i Horningdal der Norddal tapte med 3-1. Den andre var i Sunnelven på kupkamp der ogso Norddal tapte 3–0
På Emblem var laget der Norddal måtte sjå seg slått med 4–3. Me kaller det ut dommernederlag då dommaren var partisk

Sin största suksess hadde laget på heimebana då Sunnelven og Valldal idrl var her i Norddal Fyrst spela Norddal og Valldal. Norddal vandt med 4-1 Etter ein halv times pause spela laget mot Sunnelven og vant med 2-1 Valldal og Sunnelven spela til slutt, og Valldal vant med 3-2. Om kvelden var det fest på ungdomshuset der mykje folk var mött fram.

Laget hev i skisesongen havt fleire treningsenn og i fotballsesongen hev det vore to treningskvelder for vika

Den 21 februar fekk me meldelse om at Norddal idrl. er opteke som medlem i Möre Distriktslag for idrett.

I det heile hev det vist seg at inntressa både med dei aktive og dei passive medlemmer og publikum hev vore stor i år. Det er solvis det beste grunnlag for at laget ogso i det komande år skal kunne hevde seg bra.

Eg vil so ynskja Norddal idrl. trivsel og god framgang i året 1935.

Ingvald Hatlestad
form.

# Årsmelding for 1935.

Årsmöte vart halde i januar. Frammödt var 15 stemmeberettige og nokre yngre medlemer. Desse saker låg fyre:
Årsmelding, gjennemsedd rekneskap, innkomne, framlegg og valg. Årsmelding og rekanskap var ikkje ferdig. Valget fekk dette resultat: Formann: Ingvald Hatlestad. Det övrige Styre: Lars Storås, Knut Relling og Nils Relling. Varamenn: Lars Ytterdal, og Börre Relling. Revisora: Börre Relling og Fredr. Gröningsæter. Ei nemd til å hjelpe til med idrottsstilstellinger, for vinteren: Hjalmar S. Hatlestad og Elias Lillеås og for sommeren: Knut Relling og O. J. K. Dal Festkomite: Trygve Relling, Börre Relling og

Ivar O. Relling. Det var snakka undel om kor programmet for året skulde leggast.

## Skirenn.

Deltagelsen i utanbygdes konkuransa hev dette året vore heller liten. På landsrennet i Valldal deltok Ingv. Hattestad i langrenn og vart nr. 7 i kl. A. Nokre stykker deltok på Norddalsrennet i Eidsdal. Dei som kom opp i premi var: K. M. Sillerås 1 pr. Börre Relling 2 pr. begge i hopp kl. A. Me hadde so lagsrenn i mars på Sillååsen og resultatet vart: Langrenn.

| | | |
|---|---|---|
| 1. Hjalmar O.S. Hattestad | tid | 23,30 |
| 2. Ingvald — " — | " | 23,58 |
| 3. Oskar Dahl | " | 27,45 |
| 4. Börre Relling | " | 28,24 |
| 5. Tryggv. — " — | " | 28,26 |

Hopp.

| | |
|---|---|
| 1 Börre Relling | 144,5 poeng |
| 2. Kall J. Sillerås | 138,5 — " — |
| 3 Ingv. Relling | 84,5 — " — |

## Fotballkampar.

Fotballsesongen vart i år opna med kampar i Valldal i juli. Fyrst spela Valldal mot Stordal. Etterpå spela Norddal treningskampar med kvar av laga og vann over Valldal med 2-0 og Stordal 1-0. Fotballkamp mellom Norddal og Stordal i Stordal ente med Norddalsvir 14-1 Stordal gjesta so Norddal i august og kampen ende reint sensasjonell med Norddals-siir 15-1. Stordal spela svakt so heimelaget hadde ein lett kamp.

Til kupkamp i Sunnelven var laget i august og gjorde sine saker bra endå det vart innsett fleire reserva. Fyrst spela Norddal mot Stranda og vann med 4-3 So var det kamp mellom Sunnelven og Stranda det Sunnelven vann. Tilslutt spela Norddal uavgjort mot Sunnelven med 1-1. Veret denne dagen var svert rengt og halve fotballbana stod under vatn. Om kvelden klårna det op og i fint månskin bar det ut fjorden under song og godt humör. Dermed er fotballsesongen slutt for i år.

På Akslalöpet deltok Ingv. Hatlestad, men måtte gjeve op på grunn av hold.

Ingvald Hatlestad
form.

Godkjent som opplese på årsmöte 16 januar 1934
Ingv. Hatlestad